

VEDLEGG A. Planinitiativ

Etter [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova](#) skal tingingar om oppstartsmøte (sjå **vedlegg B**) for private reguleringsplanar innehalde eit planinitiativ. Planinitiativet skal i naudsynt grad omtala premissane for det vidare planarbeidet, og syta for at forslagsstillar får ei forståing av dei juridiske og fysiske høva i området før det tingast eit oppstartsmøte.

Formelle krav i forskrifta vert oppfylt gjennom å fylle ut punkta a) - l) nedanfor. Det er også mogleg for forslagstillar å lage eit eige planinitiativ med same innhald.

Informasjonen bør fyllast ut så langt det er formålstenleg for å få ei god forståing for det som vert iverksett og for at kommunen skal kunne ta stilling til framlegget.

Gnr/bnr: 70/2 og 78	Framlegg til plannamn: <i>Endring av detaljreguleringsplan for Vikse Austre</i>
gjer greie for bakgrunnen og formålet med planen	<i>Området er regulert til bustadformål og barnehage i detaljreguleringsplan for Vikse Austre, eigengodkjend 10.09.2019. Etter politisk vedtak om at det ikkje skal byggast ny barnehage på Vikse ønsker grunneigar å omdisponere areala som er regulert til barnehage og parkering i planen til bustadformål. Med det vil også føresetnadane for utbygginga endre seg og det kan vere fornuftig å justere tomtedeling og vegtraséar noko, for betre tilpassing til eksisterande terreng. Vi vil vurdere bruken av byggegrenser og fortau, og det kan i tillegg vere aktuelt å auke utnyttingsgraden for byggeområda.</i>
skildring av planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet	<i>Området ligg ved Vikse skule. Den delen av planen som ikkje er utbygd, er registrert som lauvskog og overflatedyrka jord i tilgjengelege arealbrukskart. Ettersom det er avklart tidlegare at området ikkje skal nyttast til barnehage, kan vi ikkje sjå at planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet.</i>
planlagt utbygging, anlegg og andre tiltak	<i>Frittliggande småhusbusetnad med tilhøyrande veganlegg, leikeareal og annan infrastruktur.</i>
utbyggingsvolum og høgder	<i>Byggehøgde i samsvar med føresegnene for frittliggande småhusbusetnad i gjeldande plan.</i>

funksjonell og miljømessig kvalitet	<i>Nye bygningar og anlegg vil bli etablert i tråd med gjeldande kvalitets- og miljøkrav.</i>
verknader av tiltaket på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader	<i>Endringa vil ikkje innebere verknader på landskap og omgjevnader som går ut over verknadane av tiltaka i gjeldande plan.</i>
planstatus: forhold til kommuneplan, gjeldande reguleringsplaner og	<i>I kommuneplan for Sveio, 2011-2023 er området vist til LNF-R-område, offentleg og privat tenesteyting og område for spreidd bustadbygging.</i>


retningslinjer, og pågåande planarbeid	<i>Området er regulert i detaljreguleringsplan for Vikse Austre, til bustader og barnehage. Sidan arealformåla i detaljreguleringsplanen ikkje samsvara med arealdelen til kommuneplanen, er detaljplanen utarbeidd med konsekvensutgreiing. Vi kjenner ikkje til anna pågåande planarbeid i området.</i>
vesentlige interesser som vert råka av planinitiativet	
samfunnstryggleik og risiko. Gjer greie for aktuell risiko og sårbarheit for område.	<i>Det er utarbeidd ROS-analyse for planområdet tidlegare. Ved endring av planen vil vi vurdere om og eventuelt korleis tilhøva for risiko- og sårbarheit i området vil bli forandra som følgje av planendringa. Trafikktryggleik vil vere relevant tema.</i>
offentlige organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart	<i>Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Statens vegvesen, Mattilsynet, Haugaland kraft, Sunnhordland interkommunale miljøverk, Haugaland brann og redning,</i>
prosesser for samarbeid og medverknad frå fagmynde som vert råka, grunneigarar, festarar, naboar og andre som vert råka.	<i>Planarbeidet vil bli varsla i tråd med føresegnene i plan- og bygningslova. Vidare dialog med aktuelle interessentar vil bli vurdert som ein del av oppfølginga av innkomne merknadar.</i>
vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutredninger , og korleis krava i tilfelle vil kunne verta ivareteke.	
<p>Rettleiar: Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2017). Veiledningsnotat - Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningslova (kommentarutgave).</p>	
Er planen omfatta av forskrifta § 6, planer som alltid skal konsekvensutgreiast og skal ha program?	<p><i>Nei</i></p> <p><i>Ved endring av planen vil vi legge til rette for utviding av bustadområde på areal som er sett av til offentleg og privat tenesteyting i gjeldande arealplanar. Utvidinga omfattar eit areal på 5-6 daa. Ifølgje Vedlegg I til forskrift for konsekvensutgreiing, punkt nr. 25, skal nye bustad- og fritidsbustadområde og utviding av slike område konsekvensutgreiast. Veileder om konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven legg til grunn at føresegna i vedlegg I nr. 25 er meint for område av ei viss storleik, og set grensa ved 15 daa. Planar for nye bustadområde eller utviding som er mindre</i></p>

	<p>enn 15 daa treng ikkje konsekvensutgreiast.</p> <p>Ja - Kva for eit tiltak, ifølge vedlegg I til forskrifta, vedlegg I og II for områderegulering, utløyser kravet om konsekvensutgreiing?</p>
<p>Er planen omfatta av forskrifta § 8, planer som skal konsekvensutgreiast dersom dei har vesentlige verknader?</p>	<p>Nei - Kva for eit tiltak i følge vedlegg II er vorte vurdert nærmare etter forskrifta § 10?</p> <p>Kva er grunngjeving til vurderinga at planen ikkje har vesentlege verknader?</p>
<p>Rettleiing: Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2017). Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutredes? Vurdering etter § 10 i forskrift om konsekvensutredninger (Kommentarutgåve).</p>	<p>Ja Kva for eit tiltak i vedlegg II i forskrifta er vorte vurdert nærmare etter forskrifta § 10?</p> <p>Kva er grunngjeving til vurderinga av vesentlige verknader?</p>

I tillegg ynskjer ein at det gjerast greie for:

<p>Kva for eit infrastrukturtiltak (teknisk og grøn infrastruktur) er tenkt regulert og opparbeidd</p>	<p>Vi legg til grunn at gjeldande plan har tilstrekkelege løysingar for vegtilkomst, vatn, avlaup, handtering av overvatn, straumforsyning og areal for leik og uteopphald til å dekke behovet i området, og etter at planen er endra.</p> <p>I samanheng med endringa vil vi gå igjennom vegareala og vurdere fortau og byggegrenser på nytt.</p> <p>Området er gjennomgått og avklart i høve aktuelle undersøkingar i samband med tidlegare planprosess.</p>
<p>Om offentlige vatn- og avløpsleidningar vert råka</p>	
<p>Kva ligg føre av kartlegging, t.d. grunnundersøkingar og arkeologiske undersøkingar, per i dag</p>	
<p>Om det er spesielle undersøkingar som bør gjerast som ein del av planarbeidet</p>	
<p>Grunneigarar, rettshavarar innanfor planavgrensinga</p>	
<p>Ein vurdering av kva planen kan tilføre området av kvaliteter for naboar/ omgjevnader/ nærmiljø.</p>	
<p>Planprosess</p>	<p>Endringane i planen vil i liten grad påverke gjennomføringa av planen for øvrig. Dei vil ikkje gå utover hovudrammer i planen som ikkje allereie er avklart gjennom andre prosessar, og heller ikkje røre ved omsynet</p>

	<p><i>til viktige natur- og friluftsområde. Vi ber derfor kommunen vurdere om endringa kan handsamast etter forenkla prosess, jf. Plan – og bygningslova § 12-14, 2. avsnitt.</i></p>
--	---



Prosjekt: 1141021 PLANINITIATIV - Endring av detaljreguleringsplan for Vikse Austre Planområde og gjeldende detaljregulering	
Sveio kommune, Gnr. 70 bnr. 2 m.fl.	Dato: 23.06.2022
Oppdragsgjever: Viksefjorden AS	Målestokk: A4 / 1:2000